

Eksamen

23.05.2019

FRI2001 Produksjon

Programområde: Frisør

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg som skal leverast inn	2
Informasjon om vurderinga	<p>I denne oppgåva skal du vise din kompetanse ut frå følgande vurderingskriterium:</p> <ul style="list-style-type: none">• samsvar mellom skisseteikning og ferdig resultat• samsvar mellom forslag og beskriving av arbeidsprosess• samsvar mellom dei skriftlege prosessbeskrivingane av farge, klipp og styling• beskriving av kjemisk prosess

Du er sjølvstendig næringsdrivande med eiga bedrift. Det er ein liten salong med to tilsette. Kundegruppa er i alle aldrar. Denne dagen får du besøk av to venninner. Åshild skal gifte seg til sommaren og Jeanette skal vere forlovaren hennar. Dei ønsker å vere godt førebudde, og ønsker forslag til ny frisyre, fargeending, frisyreform og rettleiing på behandling av håret fram mot sommaren.

Oppgåve 1

Klipp, farge og frisyreforming

Åshild er 25 år, jobbar som lærar på ein ungdomsskule og skal gifte seg til sommaren. Ho har langt hår til midt på ryggen. Håret er tjukt, lite glansfullt og har ettervekst på 10 cm. Naturfargen er i tonehøgde 6.0, og lengder og spissar har ein lysna og gulna farge i tonehøgde 8.0.

Åshild drøymmer om ein romantisk frisyre med mjuke krøllar, og ein farge som gir glans når hun skal gifte seg. Ho kan tenke seg ein farge som tilsvare tonehøgda ho no har i spissar, men med ein litt kaldare nyanse.

Kva for rettleiing og behandling kan du gi Åshild?

- a) Beskriv, forklar og grunngi kva du ønsker å gjere med håret til Åshild gjennom heile arbeidsprosessen.
- b) Beskriv og grunngi korleis Åshild bør behandle håret sitt fram mot sommaren.
- c) Lag ei skisseteikning av det ferdige resultatet.
- d) Beskriv den kjemiske prosessen.

Oppgåve 2

Klipp, farge og frisyreforming

Jeanette er 28 år, jobbar som tannlegeseekretær og skal vere Åshild sin forlovar. Ho har kort hår med heile lengder som rekk ho til litt over skuldrane. Håret er ikkje tidlegare behandla, men er livlaust og ganske stritt. Ho kunne tenke seg ein mjukare frisyre som kan vokse seg litt til innan sommaren. Hun er open for forslag, men ønsker ein varm farge.

- a) Beskriv, grunngi og forklar kva du ønsker å gjere med håret til Jeanette.
- b) Lag ei skisseteikning av det ferdige resultatet.
- c) Beskriv og grunngi korleis Jeanette bør behandle håret sitt fram mot bryllaupet.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemiddel er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Vedlegg som skal leveres inn	2
Informasjon om vurderingen	<p>I denne oppgaven skal du vise din kompetanse gjennom følgende vurderingskriterier:</p> <ul style="list-style-type: none">• samsvar mellom skissetegning og ferdig resultat• samsvar mellom forslag og beskrivelse av arbeidsprosess• samsvar mellom de skriftlige prosessbeskrivelsene av farge, klipp og styling• beskrivelse av kjemisk prosess

Du er selvstendig næringsdrivende med egen bedrift. Det er en liten salong med to ansatte. Kundegruppen er i alle aldre. Denne dagen får du besøk av to venninner. Åshild skal gifte seg til sommeren og Jeanette skal være hennes forlover. De ønsker å være godt forberedt og ønsker forslag til ny frisyre, fargeendring, frisyreform og veiledning på behandling av håret frem mot sommeren.

Oppgave 1

Klipp, farge og frisyreformering

Åshild er 25 år, jobber som lærer på en ungdomsskole og skal gifte seg til sommeren. Hun har langt hår til midt på ryggen. Håret er tykt, lite glansfullt og har ettervekst på 10 cm. Naturfargen er i tonehøyde 6.0 og lengder og spisser har en lysnet og gulnet farge i tonehøyde 8.0.

Åshild drømmer om en romantisk frisyre med myke krøller og en farge som gir glans når hun skal gifte seg. Hun kan tenke seg en farge som tilsvarer tonehøyden hun nå har i spisser, men med en litt kaldere nyanse.

Hvilken veiledning og behandling kan du gi Åshild?

- a) Beskriv, forklar og begrunn hva du ønsker å gjøre med håret til Åshild gjennom hele arbeidsprosessen.
- b) Beskriv og begrunn hvordan Åshild bør behandle sitt eget hår frem mot sommeren.
- c) Lag en skissetegning av det ferdige resultatet.
- d) Beskriv den kjemiske prosessen.

Oppgave 2

Klipp, farge og frisyreformering

Jeanette er 28 år, jobber som tannlegesekretær og skal være Åshilds forlover. Hun har et kort hår med hele lengder som rekker henne til litt over skuldrene. Håret er ikke tidligere behandlet, men er livløst og ganske stritt. Hun kunne tenke seg en mykere frisyre som kan vokse seg litt til innen sommeren. Hun er åpen for forslag, men ønsker en varm farge.

- a) Beskriv, begrunn og forklar hva du ønsker å gjøre med håret til Jeanette.
- b) Lag en skissetegning av det ferdige resultatet.
- c) Beskriv og begrunn hvordan Jeanette bør behandle håret sitt frem mot bryllupet.

BLANK SIDE

SKISSETEGNING – DAME



Utkarbidet av: Frisørenes lagforening, Det norske frisørforbund og Norske frisør- og vakkvarebedrifter. Illustrasjon: www.filet.no

BLANK SIDE

SKISSETEGNING – DAME



Utviklet av: Friserenes fagforening, Det norske frisørforbund og Norske frisør- og velværebedrifter. Illustrasjon: www.file.no



www.vigoiks.no/eksamen